



Skiposten 2017 – info

Skiposten er turmål for barn i alle aldrar, og postane ligg i løypenettet til Turløyper Stryn.

Det er gratis å delta i skiposten, (men vi oppmodar likevel alle brukarar av turløypene om å kjøpe årskort i Turløypene)

Det heng ute 4 postar i slengen – og desse heng i ca. 3 veker før dei blir bytta ut. På postane skal det henge ei klippetang, som borna nyttar til å klippe i kortet sitt.

Postane prøvar vi å få byte måndagen i den «nye» perioden.

Klippekort:

Dette legg vi på heimesida til markane IL (www.markane.no) då kan du skrive det ut sjølv. På klippekortet står det oppført kvar dei ulike postane heng, og kva veke dei ulike postane heng ute.

Alle postane heng i turløypene, i nærleiken av skilta på dei ulike plassane. Er de i tvil om kvar dei ulike plassane er, anbefaler vi å studere karta som er sett opp rundt om i turløypene.

Premiering:

Alle som leverer inn klippekortet sitt får diplom, og dei som besøkjer alle postane i løpet av vinteren – er samstundes med på trekninga av gåvekort og andre småpremiar

Arrangør:

Skiposten er eit samarbeid mellom skigruppa i Markane IL, Arvid Hatledal AS og Sport1 Ytre Eide sport AS.

VI HÅPAR PÅ MANGE DELTAKARAR – OG ØNSKJER ALLE EIN GOD TUR!

Innleveringsfrist for klippekorta er TYSDAG 18.APRIL 2017

Sendast / leverast til:

Margunn Hjelmeset, 6783 STRYN



ARVID HATLEDAL AS
MASKINENTREPRENØR



Ytre-Eide Sport As